

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

69.ÅRG. / NR. 4 - 2015



*Skapar framtidens kyrkje*



**Olav Arne  
sluttar**

Side 4-5

**Vegen**

Side 8, 9 og 10

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 15 og 16



## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Kyrjekontoret har ikkje telefaks.

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00**

### Kyrkieverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkieverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen  
og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

### Trusopplærer Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på  
[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## Adventstankar

Regn og våte dagar. Mørkt når ein startar på jobb, og mørkt når ein kjem heim. Kanskje da vert litt lysare med snø?, men vil ikkje at den skal komma so tideleg, ikkje heilt enno. Hage, bil og båt er klar for vinteren, men ikkje eg. Nokre fine dagar har det vore også. Fjellturar der skogen står prangande i hundrevis av forskjellige fargar, som ein siste protest, den siste krampetrekninga før vinteren tar han.

No er det advent, lysestakar og stjerner i vindauga. Varmt og lunt inne, kaldt og mørkt ute. Me nyttar høve til å besøka vener, prøvesmaka julebakst, og slappa av innimellom slaga. Dei lune varme ståvene våre er ekstra koselege når me pyntar litt. Men verkelegheit kjem inn gjennom TV-skjermen flyktningar som kjem, asylmottak som det er for få av, eller dei er for dyre. Bilde av anonyme menneskje med ein ungar på armen, ein bag i handa, og håp i blikket. Kor lenge sidan er de desse har hatt ei fredfull adventstid? Eg sit ofte og tenkjer på gutungen som ligg å søv i vogga si, og slepp å oppleva slikt. Slepp å forholde seg til ei verkelegheit som til tider er so useieleg brutal.... Snart skal de kima i klokker over heile landet. Adventstida er kyrkjetid og barnehageborn og skuleborna kjem. Lange rekker med refleksvestar i haustmørke. Glade ansikt, spente augo. Snart er det jol. Kvardag vert til fest, me kan ta oss ein pause. Men la oss ikkje gløyma dei som treng ei fredfull advents- og joletid aller mest!

Adventstida er eigentleg flott, ta vare på kvarandre!

**Bjart-Magnus N Rosvold**

## Kyrkjebladet ynskjer alle ei god jul!

### Fellesrådsleiar:

Anne Hilde Fosse Osvold

tlf. 56 59 58 16 / 951 00 327

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal  
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

### Bladstyrar:

Kyrkieverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

VaksdalPosten

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

### Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. mars 2016!**



## *Ein avgrensa gud*

På døra til ei mellomalderkyrkje i Köln finst eit bilete som viser Jesusbarnet i krubba. Bak ser vi oksen og eslet og over det heile Betlehemsstjerna. På kvar si side av krubba sit Maria og Josef. Dette motivet finst i ulike versjonar over heile jorda. Det spesielle ved akkurat dette biletet er innskrifta som står på sida: HIC ARTATUR DEUS = Her blir Gud avgrensa.

Fyrste gongen eg møtte denne setninga slo den umiddelbart inn i meg: Det er jo dette som er jula sin løyndom. Her blir Gud avgrensa. Ingen kan utøve avgrensinga sin kunst slik som Gud, for ingen har så mykje å miste.

Jesus, som kom frå Gud, søkte seg nedover til ei krubbe i småbyen Betlehem. Martin Luther seier det slik: «Han som all verden er for trang, Her ligger Han på moders fang».

Det er naturleg å tenkje at dersom Gud er til, så er han så stor at vi ikkje kan fatte han. Men juleevangeliet seier: Han lét seg fatte i krubba!

Mange trur at dersom Gud er å finne noko stad, så må det vere ute i det uavgrensa rommet, i naturen. Men kva finn vi eigentleg der? Vi kan vel saktens ane Gud, men heller ikkje meir. For her er ingen ord, ikkje noko ansikt og ingen tydeleg vilje.

Dersom vi ikkje kjenner Gud i krubba, så blir den Gud

vi finn ute i naturen forma som ei forstørring av våre eigne tankar, kjensler og draumar. Naturopplevinga blir ei stadfesting av det tankegodset vi har med oss allereie. Men jula sitt evangelium seier noko vi ikkje kunne ha tenkt ut på førehand: «Ordet blei menneske og tok bustad iblant oss» (Johannesevangeliet 1, 14).

Jesus, Ordet frå Gud, gjekk rundt blant oss i Nasaret, Kapernaum, Betania og Jerusalem. Han vandra omkring og hadde heile himmelen med seg. Ikkje rart mykje skjedde. Ikkje rart at folk undra seg og sa: Alt han gjer er godt!

Kvar finn vi Gud? Her i Jesus er Gud i avgrensa utgåve som menneske- men likevel heilt og fullt til stades. Paulus skriv ein stad: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu».

Her blir Gud avgrensa - det betyr at Gud finst over alt, men han lét seg ikkje møte overalt. Gud er for stor for oss. Han er for rein, for heilag, for lysande til at vi med vårt øydelagde og sjølvsentrerte perspektiv kan finne han.

Men i barnet i Betlehem, som blei til mannen Jesus, der er Gud. Denne jula møter vi han igjen i kyrkja, i Bibelen og i bønna. Det er avgrensa møteplassar, men der er den grenselause Gud alltid å møte, heilt og fullt. Og det er ingen ting han heller vil enn å møte oss.

***Halvor Nordhaug  
Biskop i Bjørgvin***



# Olav Arne sluttar

Etter mange år som kyrkjemusikar i Vaksdal sluttar kantor Olav Arne Steinkopf i Vaksdal 31. januar, og tek til som kantor i Arna. Han har fått eit års permisjon frå stillinga her.

*Kvifor sluttar du no, Olav Arne?*

- Etter å ha jobba i Vaksdal i 18 år har eg byrja å kjenne på eit ønske om forandring. Det er ein krevjande arbeidssituasjon å ha ansvar for musikken i 7 kyrkjer. Særleg når det berre er om lag 4100 innbyggjarar i kommunen. Det er til dømes ikkje lett å byggje opp eit barnekorarbeid i ein slik kommune. Ein brukar mykje energi på å få ting til å skje. Så er det ikkje alltid ein opplever at ein får like mykje igjen for strevet. Det hadde vore lettare om folk hadde vore meir mobile. Kvifor kan til dømes ikkje folk frå Vaksdal gå på gudsteneste i Dale kyrkje og omvendt?

*Kva vert annleis og nytt i Arna, då?*

- I Arna vil eg i hovudssak ha ansvar for ei kyrkje. I Vaksdal har eg ansvar for mange. I Vaksdal er det ein liten stab der alle meir eller mindre er saman om det som skal gjerast. I Arna er det ein mykje større stab der arbeidsoppgåvene er meir spesialisert. Eg trur at det vil vere lettare for meg å få ei meir strukturert arbeidstid i Arna.

Olav Arne er gift med den



Olav Arne Steinkopf. (Foto: Thomas Nøkling)

andre kantoren i Vaksdal, Tone Synnøve, og me lurar jo på kva ho seier til dette her! - Ho er nok ikkje så glad for å miste meg som kollega, seier Olav Arne, men samstundes ynskjer ho at eg skal få høve til å gå vidare og prøve noko nytt. Og nei, dei har ingen planar

om å flytte sjølv om Olav Arne byrjar i Arna. - Det er ikkje noko problem å bu på Stanghelle og arbeide i Arna, seier han.

Og Tone Synnøve held fram som kantor i Vaksdal, men stillinga hennar vert auka frå 75 til 100 %.

*Kva har dine hovudoppgåver vore i arbeidet ditt?*

- Mine hovudoppgåver har vore å ha ansvar for musikken i gudstenester, vigsler, ved gravferd og konsertar. I tillegg har eg saman med Tone Synnøve hatt ansvar for barnekorarbeid. Eg har mellom anna vore pianist





i barnekora på Stamnes, Vaksdal og Dale.

I ungdomstida budde Olav Arne på Avaldsnes på Karmøy. Då dei fekk nytt orgel der syntest han det var spennande og fekk lyst til å byrje å spele. I 2. klasse på musikklinja på Skeis-

vang vidaregåande skule fekk han høve til å ha orgel som bi-instrument. Han hadde ein flink lærar i Njål Steinsland som oppmuntra han til å satse vidare på instrumentet. Det enda opp med at han tok kyrkjemusikkstudiet på Bergen musikkonservatorium og seinare diplomstudiet på orgel ved Norges musikkhøgskole. - Såleis kan ein vel seie at det var kjærleiken til orgelet som instrument og kyrkjemusikken som gjorde at eg valde å ta ei kyrkjemusikkutdanning og sidan verte kantor, seier han. - Det å arbeide som kantor gjev høve til å jobbe med musikk på heiltid. Eg kan gjere mange ulike ting og nytte mange sider av meg sjølv i arbeidet.

*Kva har du særleg likt å halde på med?*

- Som kantor i Vaksdal har eg fått høve til å vere kreativ. Eg har mellom anna arbeidd med salmar, laga nye og meir moderne bandarrangement til salmane. Kjekt har det òg vore å prøve dei ut på Torsdagsklubben. Eg har likt godt å spele gudstenester, særleg når kyrkjelyden har delteke aktivt i salmar og liturgi.

- Sjølv om det har vore arbeidskrevjande har eg òg likt å arbeide med dei store prosjekta der ein har samarbeida med mange ulike aktørar. Eg kan mellom anna trekke fram samarbeidet med kantorane i Samnanger om «Gloria» av Vivaldi og Duke Ellingtons «Sacred Concert» no nyleg. Eg har òg gode minner frå jubileumskonserteren for Dale kyrkje i 2006 med Kor-

dial, Kilden, Dale musikkforening og medlemmer frå Dale mannskor. Eg må òg nemne jubileumskonserteren for Vaksdal kyrkje i 2008 der ein samarbeida med Kordial, Kilden og Modalskoret om «Visst skal våren komme». Kjekt og krevjande har det òg vore å arbeide med dei store konfirmantprosjekta; «Rykte om englar», «Alle tiders salmar», «Sjå meg» (musikk av Bjørn Eidsvåg) og ikkje minst «Det store salmeslaget»

*Du er jo jazzmusikar og trommeslagar og; kva musikk likar du best å lytte til og å spele?*

- Eg er ganske altetande når det gjeld musikk. Eg kan like å høyre på god pop-musikk, jazz og klassisk musikk. Eg kan trivest godt i dei fleste genre, men likar spesielt godt å samarbeide med dyktige profesjonelle utøvarar uavhengig av genre. Elles likar eg både å høyre og spele fransk-romantisk orgelmusikk og Bach.

*Har du nokon rare, kjekke eller morosame hendingar frå di teneste i Vaksdal som du kan dele med Kyrkjebladet sine lesarar?*

- Eg hugsar ein gudsteneste i Bergsdalen for nokre år sidan. Prest og kantor var ikkje heilt samkjørt når det gjaldt gangen i gudstenesta og ei salme hadde kome på feil plass på salmetavla. Under skriftlesinga laga eg ein plakat kor eg skreiv: **Preik**. Frå galleriet prøvde eg å vifte med plakaten for å få presten til skjønna at no var det preik og ikkje salme. Det var ikkje så lett for

presten å lese kva som stod, så han spurde: «Kva er det Olav Arne». Eg svarde: «No er det preik».

- Ei spesiell hending var òg å koma inn i Dale kyrkje og sjå at ho var som ein anna symjehall. Det var 15 cm vatn over heile kyrkjegolvet. Vatnet hadde vore stengd og på søndagen hadde nokon opna krana på herretolettet. Då vatnet kom igjen litt seinare klarte ikkje sluken å ta unna alt vatnet. Då vart heile kyrkja fylt med vatn.

**Olav Arne forsvinn nok ikkje heilt ut av det kyrkjelege arbeidet hos oss sjølv om han sluttar som kantor, han bur jo framleis her! Mellom anna har han meldt seg som «friviljug trommeslagar» til gudstenester og andre høver når det ikkje kjem i vegen for tenesta han har i Arna. Då Olav Arne i første omgang skal ha permisjon i eit år vert det ikkje lagt opp til noko avskilsarrangement no. Det er lyst ut stilling som vikar for kantor i 50 % stilling, så før jul vil det vonleg vere klart om me har ein ny musikar på plass når Olav Arne sluttar. Han sluttar og i stillinga si som lærar i Kulturskulen, og dei lyser og ut den stillinga i desse dagar. Olav Arne har og spelt i andre samanhengar, slik som under konsertseriane under Daledagane, og det vil framleis vere mogleg å engasjere han til slikt.**

**Tekst/intervju:  
Frode Kvamsøe**



# Min salme

## Se solens skjønne lys og prakt

Norsk salmebok 2013 nr. 812

Salmen Se solens skjønne lys og prakt er ei kveldssalme skriven av den tyske presten og teologen Christian Scriver i 1686. Den ble oversatt til norsk av Birgitte Kaas Huitfeldt i 1734. Scriver levde frå 1629-1693 og vi har berre denne eine salmen etter ham. Heile salmen på 9 vers blei først gjeven ut i Pontoppidans salmebok (1737). I Norsk salmebok frå 1985 og i norsk salmebok frå 2013 finn vi 4 vers.

Når eg velger meg denne salmen handlar det mykje om den vare folketonen frå Vang i Valdres. Den kler teksten med sitt budskap om tryggleik, kvile og fred på ein inderleg måte. Særleg vakkert kling salmen i Trond Kverno sitt arrangement for kor og orgel.

**Dette er Olav Arne Steinkopf sitt bidrag til salmestafetten og han sender den vidare til Trygve Boge**

1. *Se, solens skjønne lys og prakt har ført sitt løp til ende, seg verden har til hvile lagt, tenk, sjel, hva deg mon hende! Tréd frem for himlens port, kast all bekymring bort, la dine øyne, hu og sinn på Jesus være rettet inn!*
2. *De blanke stjerner skinner vel og skyter lyse stråler i nattens mulm på dal og fjell; dog meget mer tilmåler rettferdighetens sol meg lys fra nådens pol. Min Jesus, han er sol og skjold, jeg overgir meg i hans vold.*
3. *Vel lukker søvnen denne natt så mangt et trettet øye, dog våker en som ei blir matt og trettet ei av møye: Du, Jesus, våken er, ditt øye har meg kjær. Jeg er hos deg av hjertens grunn, skjønt øyet lukker seg til blind.*
4. *Med deg vil jeg til hvile gå, jeg er i dine hender, du vil, min vekter, akte på min sjel, til natten ender. Jeg frykter ingen nød, ei Satan eller død. Når jeg med deg til hvile går, med glede jeg igjen oppstår.*

**OBS! I blad nr 3 var det Liv Sæther om skreiv. Ho skreiv kring salmen med Jesus vil eg fara. Ved ein feil vart det trykka feil salme til hennar tekst. På neste side trykkjer me opp igjen heile «min salme» frå blad nr. 3, med riktig tekst:**



## Min salme

Nr. 418 i Norsk Salmebok 1984

Nr. 419 i Norsk Salmebok 2013

Salmen MED JESUS VIL EG FARA står som en søyle i Salmeskatten vår. Egentlig skulle den fått stå her helt alene, helstøpt og sterk. Likevel - noen få tanker omkring den:

Som de aller fleste Blix-salmer, begynner den i hverdagen og ender i himmellengten. Innimellom rulles livet ut i vakre bilder. Det er likevel JESUS det handler om, følgesvennen på livets veg, «mi høgste æra» og «mi største ros.» Og HAN tegnes for oss i sterke bilder, hentet fra både Det Gamle og Det Nye Testamente. Vi skimter dikteren bak: Fiskersønnen fra Gil-deskål i Nordland, teologen med Det Gamle Testamente som spesialfelt, ihuga målmann, som gav det norske folk salmer på folkets eget språk. Som gammel nordlending, fikk jeg denne salmen med meg fra heim, kirke og skole. Den har alltid vært der, til stor berikelse, glede og velsignelse.

Les den og syng den!

Fra Liv Sæther, som utfordrer  
Olav Arne Steinkopf.

T: Ole Theodor Moe 1904

M: Caroline Volla Sørli omkr 1910

1 Jesus, det eneste,  
helligste, reneste  
navn som på menneskelepper er lagt!  
Fylde av herlighet,  
fylde av kjærlighet,  
fylde av nåde og sannhet og makt!

2 Motganger møter meg -  
aldri du støter meg  
bort fra din hellige, mektige favn.  
Mennesker glemmer meg,  
Herre, du gjemmer meg  
fast ved ditt hjerte og nevner mitt navn.

3 Herre, du høre meg,  
Herre, du føre meg  
hvordan og hvorhen det tjener meg best!  
Gi meg å bøye meg,  
lær meg å føye meg  
etter din vilje mens her jeg er gjest!

4 Du er den eneste,  
helligste, reneste.  
Gi meg ditt rene og hellige sinn!  
Frels meg av snarene,  
fri meg fra farene,  
ta meg til sist i din herlighet inn!

## LEDD I GUDSTENESTA

### ► Truvedkjening Credo

I grunnlova vår §16 står det kva vedkjeningsskrifter den norske folkekyrkja er bygt på. Det er mellom anna våre tre truvedkjeningar: den apostoliske, den nikenske og den athanasianske. Desse vedkjeningane vart utforma i tida frå ca 200- og fram til 600 talet etter Kristus. I denne perioden var det viktig for dei ulike kyrkjelydane å kome fram til sams setningar som kunne vere tydelege uttrykk for trua. Kva trur ein på, og korleis uttrykker ein det. Fleire stader var ein ueinige om det læremessige innhaldet, og det førte til at austkyrkja (ortodokse) og vestkyrkja (romersk-katolske, seinare lutherske) vart ulike kyrkjesamfunn med ulike setningar i vedkjeningane.

I dag er det to av desse truvedkjeningane som er vanlege å bruke hjå oss.

Den apostoliske, som er ei oppsummering av læra frå apostlane, er mest vanleg. Den vert alltid brukt når det er dåp i gudstenestene. Den er òg mest brukt elles på gudstener.

På høgtidsdagane ved jul, påske og pinse er det vanleg å bruke den nikenske. Den har ei utvida form, er meir utdjupande og seier ting annleis om enkelte delar av innhaldet, enn den apostoliske. Dersom det er dåp på ein høgtidsdag kan tilfelle vere at ein framfører begge truvedkjeningane.

Både desse truvedkjeningane har melodi. Her i vårt område hender det sjeldan eller aldri at ein syng den apostoliske, medan den nikenske vert oftast framført med melodi, då som vekselsong.

Den athanasianske vert ikkje brukt i utøvande form. Den seinare tid har det vore diskutert om den skal takast vekk, men førebels står den nemnt i grunnlova.

Kva trur eg på? Kva trur du på? Eg trur på Gud Fader, eg trur på Guds Son, eg trur på Den heilage ande.

Dette er viktige ord, og det er viktig å seie desse orda høgt og samstemt så me stadfestar for oss sjølv og kvarandre kva me trur på. Truvedkjeninga er i gudstenesta plassert etter preika. Etter å ha lytta til

alle tekstlesingane og høyrte ordet forkynt seier ein fram som eit svar, ei vedkjening, kva ein trur på.

Når det er dåp seier ein fram truvedkjeninga, som ei stadfesting av den trua ein døyper borna til. Då kjem truvedkjeninga tidlegare i gudstenesta. I den samanheng har ein òg med ei forsaking, kva ein tek avstand i frå.

Eg veit ikkje heilt kva eg skal tru?, eg veit ikkje heilt kva eg trur på? Det er vanskeleg å tru...

Rundt 300-talet var det uro rundt mange trusspørsmål. Det kan det vere i dag òg. Då er det godt og viktig å vite kva som er kyrkja vår si læra. Ei av salmane våre i adventstida er skriven i denne 300-tals perioden av biskop Ambrosius og uttrykker i verseform mykje av det vesentlege innhaldet i våre truvedkjeningar.

Lat oss saman frimodig framføre truvedkjeninga i gudstenestene! Og lat oss i denne adventstida synge samstemt med Ambrosius:

*Folkefrelsar, til oss kom,  
fødd av møy i armoadsdom!  
Heile verdi undrast på  
kvi du såleis koma må.*

*Herrens under her me ser,  
ved Guds Ande dette skjer.  
Livsens ord frå himmerik  
vert i kjøt og blod oss lik.*

*Utan synd han boren er  
som all synd for verdi ber.  
Han er både Gud og mann,  
alle folk han frelsa kan.*

*Frå Gud Fader kom han her,  
heim til Gud hans vegar ber,  
ned han før til helheims land,  
oppfør til Guds høghe hand.*

*Du som er Gud Fader lik,  
ver i vanmakt sigerrik!  
Med din guddoms velde kom,  
styrk oss i vår armoadsdom!*

*Klårt di krubbe skina kan,  
ljoset nytt i natti rann,  
naud og natt til ende er,  
trui alltid ljuset ser.*

*Lov og takk, du Herre kjær,  
som til verdi komen er!  
Fader god og Ande blid,  
lov og takk til evig tid!*



vegen  
VAKSDAL.KYRKJA.NO



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsgagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år. Sjølvsgagt er alt som me arrangerer ope for alle innan rett aldersgruppe!



Pilgrimsvandring for niåringar i Bergsdalen. (Foto: Kyrkjebladet)

## Pilegrimsvandring og jordbærjazz

5. september var det pilegrimsvandring for niåringar og alle andre som ville vere med, i Bergsdalen. Dette var eit ledd i Jordbærjazz, som vart arrangert for andre gong. Me var ein fin og eksklusiv liten gjeng som vandra frå kyrkja, på ein liten rundtur med innlagte stopp rundt skulen, og tilbake til kyrkja. På stoppestadane gjorde me ulike ting, me kjende vat-

net renna gjennom fingrane våre i bekken, me plukka oss ein stein me bar med oss, me kjende den gode smaken av ekte Bergsdalsjordbær og me fekk også kvila litt. Før målet vårt, som var kyrkja, la me steinane våre ned framføre ein kross me laga av to vandrestavar. Dette skulle symbolisera at me kan koma til Gud med ting som er tunge å bera, han vil

hjelpa oss å letta på desse byrdene! Etter vandringa var det jazzgudstene i kyrkja med ypperleg musikk og full trøkk, kafè med ymse innslag av deilege jordbær, og ein gjennomført jazzkonsert med syskentrioen Steinkopf, Elisabeth Lid Trøen og Kjartan Gullikstad.





Ein fin gjeng tiåringar på Vaksdal. (Foto: Kyrkjebladet)



Kristin med tiåring på Stamnes.

## Utdeling av Nytestamentet til tiåringar

På Stamnes og Vaksdal har det nyleg vore utdeling av Nytestamentet til tiåringane. På Dale skjer dette etter jul, i samband med Lys Vaken på

gudstenesta 31. januar. I Eksingedalen blir NT utdelt under gudstenesta på Palmesundag, 20. mars. Alle tiåringane er også inviterte til ein leir på

Fagertun, som det står om litt seinare i bladet.



Fireåringar på Vaksdal med fireårsbok!



Fireåringar samla til kveldsmat.

## Samlingar og bok til fireåringar

I slutten av oktober og byrjinga av november var det utdeling av fireårsbok i kyrkjene på Dale, Stamnes og Vaksdal. I samband med dette samla ein fireåringane til fleire samlingar lokalt, med andakt, mat og lagning av ein heilt spesiell adventskalender. Ein laga figurar av tre som skal førestilla Maria, Josef og ein konge, som vandrar på ein stjerneveg (ei stjerne om dagen!) til målet: krubba med Jesusbarnet oppi. Fine, konkrete kalendarar, og ikkje ein er lik!



Samuel og Ragnhild lagar adventskalender.





## Kva skjer på VEGEN framover?

### Adventsleir på Fagertun, der tiåringar er spesielt inviterte

I samarbeid med Norges Samemisjon, som har leirstad på Fagertun, inviterer me alle tiåringar til leir der den **27.-29. november**. Leiren er open for aldersgruppa 4.-7. klasse, mens tiåringane altså blir spesielt inviterte som eit ledd i trusopplæringa Veggen. På Fagertun blir det mogleg å treffa jamaldringar frå andre delar av kommunen, det vert lek og moro inne og ute, spennande undervisning der bibelen står i sentrum, god mat, leirkveld og godnatt-samlingar.

### Søndagsskulesamlingar

Alle femåringane vert inviterte til ei søndagsskulesamling før jul, lokalt. For dei frå Dale sokn er den allereie gjennomført, i form av ei søndagsskulegudstene i Stanghelle bedehus 15. november. Dette var ei gudstene med litt «lausare former», kyrkjelyden sat rundt småbord og preika var spesielt berekna for borna. På Vaksdal blir det søndagsskule der femåringane er spesielt inviterte den 6. desember klokka 11.30-12.30. Me prøver oss på utesøndagsskule - om ikkje veret er så veldig gale. Men møtestad er Vaksdal Bedehus.

### Lys vaken

30. og 31. januar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstene før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!

LysVaken

### Tårnagenthelg

Helga etter Lys Vaken, 6.-7. februar, vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen!



## Tankar frå trusopplæraren

Det har vore nokre spennande månadar i ny jobb. Utfordrande, fordi det er mykje å ta tak i og mange ulike ting å jobba med på ein gong. Kjekt, fordi eg får lov å treffa mange flotte menneske, både små og store. Eg ser at ei utfordring er at det er stor skilnad på korleis kyrkjeromma er tilpassa dei minste borna. Saman med sokneråda jobbar eg for å finna litt smarte løysingar som vil gjera det lettare for småbarnsfamiliar å koma i kyrkja utan å ha med så mykje sjølv for å aktivisera borna. Dette er nok ein prosess som vil ta litt tid, og me er glade for alle innspel. Ein av tinga eg håpar på, er å få tak i nokre leikar til kyrkjene, spesielt dei som ikkje har slikt i det heile. Primært leikar for dei min-

ste borna. I eit miljøperspektiv kunne eg ynskt å samla inn fint brukte leikar som kan få nytt liv i kyrkjene. Om nokon av dykk veit de har noko liggjande som borna har vakse frå, tek me gladeleg i mot! Kan leverast anten på kyrkjekontoret eller til medlemmer i sokneråda. Det er viktig at dette er leikar som er lette å vaska, haldbare og ikkje lagar lyd... Elles ynskjer eg alle lesarane ei riktig god og fredeleg jul, husk å kopla av og bruka tida på det som er viktigast: born, familie og vener.





# 50-årskonfirmantar



50-årskonfirmantar på Dale 11. oktober.



50-årskonfirmantar på Dale 11. oktober,



50-årskonfirmantar på Stamnes 31. oktober,







# ADVENTSKONSERTAR

## i kyrkjene våre

**Stamnes kyrkje laurdag 5. desember kl. 16.00**  
 Stamnes barnekor • Blanke Messingen– Grete Skarpeid • Elevar frå kulturskulen  
**Adventstankar**  
 Arr: Stamnes sokneråd

**Vaksdal kyrkjes søndag 6. desember kl. 19.00**  
 Vaksdal musikklag • Korskulen i Vaksdal med eiga ungdomsgruppe  
 Elevar frå kulturskulen • Luciainnslag med born frå skulen og barnehagen  
 Arr: Arrangør Vaksdal sokneråd

**Nesheim kyrkje, søndag 14. desember kl. 11.00**  
 Tidlegare elevar frå kulturskulen • Mari Trefall - fiolin - Olav Arne Steinkopf  
**Adventstankar ved Edvard Bø**  
 Arr: Nesheim sokneråd

**Dale kyrkje Søndag 13. desember kl. 19.00**  
 Dale musikkforening - Kordial - Kilden  
**Adventstankar ved Hege Eide Vik**  
 Arr: Dale sokneråd



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kyrkjeverja i Vaksdal,  
 Pb 113, 5721 Dalekvam  
 10.11.2015

Dale

Tlf 56 59 39 20  
 Mob. 97 69 75 62  
 Org. nr. 976995325  
 Bank 3500 07 05800

I samband med ledig vikariat i kantor stilling søker me etter  
**Kantor/kyrkjemusikar i 50% vikariat. Stillinga er ledig frå 1.februar 2016**

**Søknadsfrist 6. desember 2015.**

**Sjå [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)**





## Stamnes bedehus

Møter torsdagar kl. 19.00

**14. januar** Tale v/Leif Nesheim

**18. februar** Tale v/Audun Hjellvik

**31. mars** Tale v/GHeilge Keilegavlen

**28. april** Tale v/Leiv Nesheim

**Onsdag 21. oktober kl. 19.00**



## Nesheim kyrkje

**Fredag 27. nov. kl. 19.30** Møte v/Leiv

Nesheim frå Nordhordland Indremisjon

**Laurdag 28. nov. kl. 15.00**

Møte v/elevlar frå Bildøy Bibelskule



## Vaksdal bedehus

**Storsamling, søndag kl. 11.00**

**Datoar:**

**17. januar**

**14. februar**

**13. mars**

# Salmekveldar i kyrkjene

I haust har det vore 3 salmekveldar i kyrkjene i Vaksdal. I september var det salmekveld i Dale kyrkje med Kordial. I oktober var det òg salmekveld i Dale kyrkje, men då var Dale mannskor medverkande. Den 20. november var det salmekveld i Vaksdal kyrkje med Kilden.

Målet med desse salmekveldane har vore å lyfte fram den nye salmeboka slik at fleire kunne bli betre kjend med ho. Ein har hatt eit ynskje om å presentere litt av den store bredda både musikalsk og språkleg. Sist, men ikkje minst har ein fått høve til å lære nye friske salmar. Desse salmane ynskjer me no å bruke i kyrkjene framover. Under er lista opp

dei salmane som me har sunge på salmekveldane i haust. No kan alle få høve til å høyre og lære dei same salmane. Gå inn på NRK.no. Søk på «Salmeboka minutt for minutt». Øvst til høgre i søkjefeltet kan ein søkje på salmetittel. Om du treng eit julegåvetips så kan det det vere å gje den nye salmeboka som gåve.

### Salmekveld med Kordial

#### 3. september 2015:

Nr 342: Amazing grace

Nr 649: Trough the storms

Nr 897: Å denne kilde

Nr 593: Her er det et lite barn

Nr 333: No kallar sol og sommarvind

Nr 24: Velsigna du dag over fjordan

Nr 316: Nu vil jag sjunga


Nr 479: Fordi han kom

Nr 439: Aejlies gåtan/Fyll Guds hus

Nr 742: Høyr den bodskapen

Nr 854: No stig vår song

Nr 624: Må din vei komme deg i møte



### Salmekveld med Dale mannskor

#### 21. oktober 2015

Nr 726: Mennesket, du som har kunnskap

Nr 733: Gjør meg til redskap for din fred

Nr 520: Gå gjennom byens rette lange gater

Nr 296: Himlen blåner for ditt øye

Nr 796: Morgon mellom fjella

Nr 172: Where you there

Nr 357: Frälsare på korsets stam

Nr 742: Høyr den bodskapen

Nr 105: Shine your light

Nr 104: I et skur

Nr 592: For augo våre

Nr 767: Barnet legges i vuggen ned

Nr 869: Eg har hørt om ein stad

Nr 899: Jeg tror på jordens forvandling

### Salmekveld i Vaksdal kyrkje med Kilden 20. september

742: Høyr den bodskapen som vi forkynner

433: Da Herren kom til denne jord

138b: Du som låg i natti seine

151: Deg vi lovsynger ærer

243: Gud skapte lyset og livet

256: Herren Gud har velsignet vår jord

394: Open the eyes of my heart Lord

498: Du omgir meg

519: Wa, wa, wa, Emimimo. Kom,

kom, kom, Gud Hellig Ånd

564: Som barn i ditt hus

619: Eat this bread

223: Holy, holy, holy

436: Jesus Krist, forklar meg kva du

mente

332: You examin my heart



**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

**SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



# SLEKTERS GANG



## DØYPTTE

### Bergsdalen

25.10 Håvard Hetterud-Dale

### Dale

27.09 Ida Hesjedal-Larsen

11.10 Izabell Rundhovde Jensen

25.10 Rosa Elizabeth Vaksdal

### Vaksdal

06.09 John Smette-Blålid (i Ullern kirke)

20.09 Frøya Magnussen Langhelle

18.10 Trym Helge Skaala Sellevold

Andreas Moe-Aasgard

08.11 Mateo Sæterdal

Benjamin Skånvik Rikstad

Sanna Hisdal-Waardal

Sanne Terjesen Boge



## VIGDE

### Dale

13.11 Mariann Hop og Einar Gregersen



## DØDE

### Dale

01.10 John William Tollefsen 1929

05.10 Toralf Gletne 1940

08.10 Helge Furnes 1935

09.10 Georg Alfred Bakke 1924

14.10 Hanna Ravnstad 1924

04.11 Jakob O Stanghelle 1930

### Eidsland

24.09 Magda Jakobsen 1923

### Stammes

17.09 Agnes Ingeborg Stamnesfet 1936

02.10 Erna Reidun Stien Stamnes 1936

13.10 Sverre Villy Bukkesten 1933

### Vaksdal

15.09 Rolf Raknes 1922

21.09 Bodil Helene Boge 1920

26.09 Finn Ekanger Sæterdal 1940

21.10 Raymond Jacobsen 1952

06.11 Arnold Sæterdal 1923



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34

**Effektiv**  
**trafikkopplæring**

**Tlf. 913 03 491**

geir@effektivtrafikk.no

www.effektivtrafikk.no

**Alt innan tømrararbeid**



**TLF. 922 65 739**



## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 29. november** - 1. søndag i adventstida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Kvamsøe.

Nattverd. Dåp. Kyrjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.

Dåp. Nattverd.

VAKSDAL KYRKJE kl 19.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.

Dåp. Nattverd.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirman-

tane. Dåp. Nattverd.

**Sundag 6. desember** - 2. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe. Dåp.

Nattverd. Kyrjekaffi.

EIDSLAND KAPELL kl. 16.00. Lysmesse. Bø og konfirmantane.

Dåp. Nattverd. Kyrjekaffi.

**Sundag 13. desember** - 3. søndag i adventstida

DALE KYRKJE kl. 11.00: Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

**Sundag 20. desember** - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Torsdag 24. desember** - Julaftan

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 13.30. Julegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 15.00. Julegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

EIDSLAND KAPELL kl. 16.15. Me syng jula inn.

**Held fram på side 16**



## VELKOMEN TIL KYRKJA

Framhald frå side 15:

**Fredag 25. desember** - Juledag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Forsongarane møter kl. 10.00.

**Laurdag 26. desember** - 1. Juledag  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dåp.  
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 27. desember** - Sundag etter jul  
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Onsdag 31. desember** - Nyårsaftan  
STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste, felles for heile Vaksdal. Kvamsøe.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Kvamsøe.

**Fredag 1. januar** - Nyårsdag  
Ingen gudstenester i Vaksdal.

**Sundag 3. januar** - Kristi openberringsdag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 10. januar** - 2. sundag i openberringstida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 17. januar** - 3. sundag i openberringstida  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi.  
DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 24. januar** - Sámannssundagen  
DALE KYRKJE kl. 18.00. Musikk-gudsteneste. Bø, Kvamsøe og kantorane Steinkopf. Nattverd.

**Sundag 31. januar** - Kristi forklaringsdag  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familie gudsteneste/Lys Vaken-helg. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
BERGSDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Årsmøte. Kyrkjekaffi.

**Sundag 7. februar** - Fastelavnssundag  
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Årsmøte. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familie gudsteneste/Tårnagen-thelg. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 14. februar** - 1. sundag i fastetida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.  
STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 21. februar** - 2. sundag i fastetida  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

**Sundag 28. februar** - 32. sundag i fastetida  
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

**Sundag 6. mars** - 4. sundag i fastetida  
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.  
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

**Sundag 13. mars** - Maria bodskapsdag  
STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familie gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

*Dåp = Hove til dåp i gudstenesta. Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



# Bunad og stakkastove as

*ny bunad*

*omset*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfjossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*